



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 352.2/650

Sak nr 17/2022

Møtedato: 16.06.2022 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## NYE OPPLYSNINGAR PÅ SIDE 5

### S 650, Grønsenn – Klage på krav om flytting av ulovleg plassering av uthus/skåle

#### TIDLEGARE SAKSBEHANDLING:

Margit Bratvold søkte i 2018 om ny skåle/alternativt utleigehus.

Det var i møte den 28.08.2018, sak 21/2018 fatta følgjande vedtak:

*Fjellstyret avslår søknad om å få føre opp utleigehus då det ikkje er heimel for det etter §11 i stølsforskrift. Fjellstyret gir etter §11 løyve til å føre opp skåle/utedo på vilkår av at det blir med ei ny tomt som oppfyller kravet om meir kompakt tunløysing. Fjellstyreleiaren blir gjeven fullmakt til å godkjenne ny tomteplassering. Det er vidare krav om at søkjaren må rette seg etter eventuelle merknader frå fylkeskommunen om utforming av bygget. Det er vidare eit krav at det midlertidige selet øvst på jordet må fjernast før bygging kan ta til.*

Ved kontroll viser det seg at bygget er ført opp der det var omsøkt, men ikkje godkjent. Poenget med vedtaket som flytter plasseringa er nettopp det å sikre ein betre tunform, noko den plasseringa bygget no står på ikkje gjer.

Det er komme inn følgjande forklaring på kvifor bygget vart plassert slik:

Eg viser til brev om plassering av bl.a uthus på stølen.

Eg må beklaga på det sterkaste at eg har plassert dette uthuset der det står.

Eg ser at det er fjellstyrer som skal peike ut plassen.

Eg har nok hatt det altfor travelt, og rett og slett ikkje fått med meg dette, eg har gjorde mykje av snikkararbeidet sjølv, så det har vore mange og lange daga.

Det er støypt grunnmur, delvis heil plate under dette uthuset.

Eg spør derfor fint om fjellstyre kan godkjenne plasseringa der uthuset no står.

Eg har prata med leder i fjellstyre Lars Kvissel om dette.

Når det gjeld dagens bruk av området, så er blir det ein fin uteplass for servering ved huset som eg skal ha servering i. Det er tenkt å ha utebord og krakkar der.

Eg er svært lei meg for dette.

Eg har heile tida meint at eg skulle forhalda meg til lover og regler, men her har det glippa for meg.

Eg har i haust sett ned rundt 300 kvitlauk på stølen, og håpar at ikkje reinen har øydelagt for meg att. Det har skjedd 2 år på rad. Denne type lauk er vorten veldig etterspurt, og har levert såfrø på ulike kantar her i landet.

Fra gamalt hadde tanta mi turistar i pensjon her, det var 2-3 som var stamgjester her, dette var ekstraintekta hennar.

Ellers koker eg treak, og har hatt ei omsetning på kr 41260 i 2020 dette er inkl 15% moms. Råvare finn eg på stølen.

Dette som ei lita orientering.

Eg søker derfor om at uthuset får behalde plasseringa si som det står.

Vennlig helsing

Margit Bratvold

Fjellstyret har vore på synfaring den 07.06.2021 saman med stølsbrukaren, og sett på dei faktiske forholda. Stølsbrukar har hatt moglegheit til å legge fram sitt syn på saka.

Hovudpoenget i denne saka dreier seg om feil plassering, men ein registrerer at det er gjennomgåande pipe på dette uthuset/skåle. Ein kan vanskeleg sjå at det er naudsynt med oppvarma rom i skåle, så dette vert og eit tema i denne behandlinga.

For at fjellstyret skal kunne kjøre likebehandling, er det viktig at dei vedtak ein gjer ikkje får negativ presedens. I denne saka er det då viktig å vurdere den langsiktige verknaden i høve til andre tilsvarende saker.

Når det gjeld godkjent plassering, var det tydeleg uttrykt i vedtaket at omsøkt plassering ikkje vart godkjent, grunna mangel på tunform. I tillegg til tunform bør ein og sjå på funksjon, både til bruk for serveringsstaden og til eige bruk knytt til sælet. Det vart på befaring forklara at feilplassert uthus/skåle og er toalett for besøkande i tillegg til m.a. utstillingslokale for lokale produkt for sal.

Administrasjonen finn av omsyn til likebehandling for andre, at ein ikkje bør godkjenne dette uthuset/skåle der det no er plassert. Dette gjev ikkje tunform, og i praksis har ei plassering så langt unna sælet medført 2 nye bygg som heller ikkje er omsøkt. Dette er nytt aggregatthus mellom sælet/serveringsstaden, og eit nytt uthus/skåle nord for sælet.

Denne funksjonen desse 2 nye bygga har, burde vore dekkja av det bygget som vart feilplassert, dersom det hadde vært plassert i ein tunform knytt til sælet.

Ein skjønner for så vidt behovet for ein eigen utedo for besøkande til serveringsstaden. Dette må ein og finne ein løysing på i denne saka.

Administrasjonen tilrår flytting, og slik det vart sett på ved synfaring i juni burde det vere plass til dette bygget der det no er sett opp vedskåle tilknytt sælet. Det inneber at det vesle bygget som fungerer som vedskål som ikkje er omsøkt må takast bort. I utgangspunktet burde det og gjelde for aggregatbu som heller ikkje er omsøkt, men nesten ferdigbygd. Uansett vil både funksjon for aggregat og vedskåle kunne fungere i det bygget som vert flytta til ny plassering.



Dersom dette vert gjennomført står det att å fylla funksjon med utedo til serveringsstaden. Administrasjonen finn at for å fylla denne funksjonen kunne ein tillate at aggregathuset vert ståande, men gjort om til utedo for besøkande til serveringsstaden så lenge den er i drift. Dersom drifta til serveringsstaden opphøyrer må denne eventuelt vurderast fjerna. Dette er avklara med Statskog på telefon.

Det bør setjast eit krav om tidsramme for slik flytting, og sidan det er såpass seint på året no bør det gjevast frist til eks 1. august 2022 slik at ho har heile sumaren til neste år med å flytte bygget.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret godkjenner plassering av feilplassert bygg på nordsida av oppført sæl, jfr kart i saka. Dette bygget skal vere plassert på riktig stad innan 01.08.2022. Ein godkjenner samtidig allereie oppført aggregatthus dersom dette vert gjort om til utedo i samband med drift av serveringsstad. Dersom drift av serveringsstaden opphøyrer må utedoen fjernast.

Feilplassert bygg er allereie godkjent i tidlegare sakshandsaming og inngår ikkje i dette vedtaket, men plassering inngår og er heimla i stølsforskriften § 11. Ein presiserer at tidlegare godkjent bygg er definert som skåle/utedo, og kan ikkje ha rom med pipe.

#### **Vedtak I Sak 32/2021:**

Fjellstyret godkjenner plassering av feilplassert bygg på nordsida av oppført sæl, jfr kart i saka. Dette bygget skal vere plassert på riktig stad innan 01.08.2022. Ein godkjenner samtidig allereie oppført aggregatthus dersom dette vert gjort om til utedo i samband med drift av serveringsstad. Dersom drift av serveringsstaden opphøyrer må utedoen fjernast.



Feilplassert bygg er allereie godkjent i tidlegare sakshandsaming og inngår ikkje i dette vedtaket, men plassering inngår og er heimla i stølsforskriften § 11. Ein presiserer at tidlegare godkjent bygg er definert som skåle/utedo, og kan ikkje ha rom med pipe.

Samrøystes vedteke 02.09.2021

### **NYE OPPLYSNINGAR I SAK 37/2021:**

Margit Bratvold har påklaga vedtak i sak 32/2021 med følgjande grunngjeving (datert 24/9-21):

Plassering av uthus/brakk, aggregat hus og utedo.

Jeg fikk nå tilsendt kopi av epost fra 2018 og kopi av vedtak nå i september 2021.

Jeg sendte også bilde av skjermen av epost fra fjellstyret til Kennet Monsen, der jeg får en markert strek og ikke en «hånd» for å åpne eposten. Jeg har ikke sett vedtaket fra 2018 før nå.

Det som skjedde i 2018 var: jeg kontaktet fjellstyret ang flytting av brakke og utedo, fikk da beskjed at jeg skulle levere en skisse over hvordan jeg ville plassere dette.

Jeg tok kontakt med Mattilsynet om plassering, da det er de som mener noe om mat og hygiene.. De mente det var greit å skille næring og privat, slik skissen av hus plassering var

Jeg fikk ikke, i 2018, forståelse av at denne skissen over plassering av hus skulle opp i noe møte, det ble heller ikke sagt noe om at jeg ikke kunne flytte husene.

Jeg har hele tiden vært i god tro at jeg har gjort det riktig, og søker fortsatt om at husene får stå på den plasseringen de står på i dag.

Mattilsynet kommer på besøk.

Hittil i sommer har jeg hatt 639 besøk. I 3 tilfelle har jeg måttet bruke uthuset/brakk til servering grunnet avstand og smitterisiko.

Husflid i uthuset/brakk har jeg solgt for kr 23.510, så dette uthuset/brakk representerer ca 30% av inntekten, jeg har bestilling på skinnfell med runeskrift. Totalt med servering er omsetningen pr i dag på vel kr 75.000 fra 12. juli 2021.

Det er flere som har besøkt meg flere ganger både bygdefolk og hyttefolk, bare blide og hyggelige folk, som synes dette er et godt tiltak.

Hvordan smitten utvikler seg vet vi vel ikke noe om, men blir det fortsatt smitte, kan uthuset/brakk være godt å ha for å holde avstand/smitterisiko

Hovrud på teknisk etat meddelte at jeg hadde en del m2 å gå på når det gjaldt tykkelse på veggen i 3. etasje på gammelt sel. Målene var netto og en kunne legge til tykkelse på veggen.

Omsetning i 2020 avg.pliktig u moms kr 50.029 for jordbruk

Mottatt produksjonstillegg i 2020 kr 16.170

I 2020 hadde jeg 5 kalver, i 2021 hadde jeg 3 kalver på beite på stølen.

I alle år jeg har eid småbruket har jeg sendt inn momsoppgave på jordbruk, og mottatt produksjonstillegg. Jeg mener selv at jeg driver småbruket.

Jeg har papirer som kan dokumentere dette langt tilbake i tid

Jeg har planer om et mindre bygge hjemme for sau og noen kjøttfe,

Jeg har vært i god tro hele tiden på at jeg har gjort det riktig.

Vennlig hilsen

  
Margit Bratvold

Ho har i tillegg til ueinigheit rundt plassering av bygg, påpeika at ho har hatt drift på stølen.

Dette med drift er kontrollert opp i mot kommunen ein gong til, og følgjande epost-uttale frå kommunen viser dette:

**Fra:** Anne Marie Mørstad [<mailto:Anne.Marie.Morstad@vestre-slidre.kommune.no>]

**Sendt:** 17. september 2021 14:38

**Til:** Vestre Slidre Fjellstyre <[vestre.slidre@fjellstyrene.no](mailto:vestre.slidre@fjellstyrene.no)>

**Emne:** SV: Er stølen til Margit Bratvold - 94/1/650 i drift

Hei !

Kan bekrefte att 94/1-652 48/6 har hatt 3 storfe i 2017. i 2018 ingen dyr og i 2020 5 storfe.

I følgje søknad om produksjons tilskudd i landbruket.

Vennleg helsing

Anne Marie Mørstad

Landbrukskonsulent LNT

90944807/61345138

[anne.marie.morstad@vestre-slidre.kommune.no](mailto:anne.marie.morstad@vestre-slidre.kommune.no)



Vestre Slidre kommune  
*ein god stad å bu*

Det var ikkje omsøkt produksjonstilskott for vinteren/våren 2021, og med det som bakgrunn vart det tolka frå fjellstyre-administrasjonen at det ikkje var drift på garden ved søknadstidspunktet sommeren 2021. Imidlertid er det mogleg å søkje om tilskott for dyr i oktober, som har vore på stølen om summaren som då ikkje vart fanga opp. Dermed vart det nytta § 11 i stølsforskriften som heimel, noko som er feil når det viser seg at det for 2021 er søkt om tilskott for nokre få beitedyr tilsvarande andre år. Rett heimel her ville vore § 10, der ein anerkjenner at stølen er i drift. Administrasjonen beklager dette.

Dette er eit punkt som evt må løysast med å fatte nytt vedtak med ny heimel. Det er i den samanheng og riktig å vurdere om dei andre momenta i klagen bør avvente til ein har fått eit vedtak med riktig heimel.

Administrasjonen foreslår at den delen av klaga som angår riktig heimelsgrunnlag for vedtaket vert take opp att, og fatta nytt likelydande vedtak som i sak 32/2021 med riktig heimel. Deretter får ein eventuelt avvente eventuell ny klage, og behandle denne i ettertid

Dette vil vere den måten som gjer at ein slepp å eventuelt måtte sende over ei klagebehandling til departement som har feil heimelsgrunnlag.

#### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret godkjenner at tidlegare feilplassert bygg kan flyttast til nordsida av oppført sæl, jfr kart i saka. Dette bygget skal vere plassert på riktig stad innan 01.08.2022. Ein godkjenner samtidig allereie oppført aggregathus dersom dette vert gjort om til utedo i samband med drift av serveringsstad. Dersom drift av serveringsstaden opphøyrer må utedoen fjernast.

Bygget er allereie godkjent i tidlegare sakshandsaming og inngår ikkje i dette vedtaket, men plassering inngår og er heimla i stølsforskriften § 10. Ein presiserer at tidlegare godkjent bygg er definert som skåle/utedo, og kan ikkje ha pipe.

#### **Vedtak i sak 37/2021:**

Fjellstyret godkjenner at tidlegare feilplassert bygg kan flyttast til nordsida av oppført sæl, jfr kart i saka. Dette bygget skal vere plassert på riktig stad innan 01.08.2022. Ein godkjenner samtidig allereie oppført aggregathus dersom dette vert gjort om til utedo i samband med drift av serveringsstad. Dersom drift av serveringsstaden opphøyrer må utedoen fjernast.

Bygget er allereie godkjent i tidlegare sakshandsaming og inngår ikkje i dette vedtaket, men plassering inngår og er heimla i stølsforskriften § 10. Ein presiserer at tidlegare godkjent bygg er definert som skåle/utedo, og kan ikkje ha pipe.

*Samrøystes vedteke*

## **NYE OPPLYSNINGAR I SAK 17/2022:**

Grunna feil heimelsgrunnlag i sak 32/2021, vart det fatta nytt vedtak i sak 37/2021. Melding om vedtak vart sendt ut 25.11.2021, med klagefrist på 3 veker.

Den 25.02.2022 mottok fjellstyret en klage på dette vedtaket om flytting av uthuset. Den er skrevet av Bente Bratvold på vegne av sin mor – Margit Bratvold.

Dette er en veldig utfyllende klage med mange ulike moment/tema, så den gjengis ikke men vedlegges i sin helhet. Dette gjelder og dei tilleggsmoment med vedlegg som er komme i fleire runder.

I tillegg til klagebrev, er det en mengde eposter med kommunikasjon som også tilhører saksfeltet. Dersom dei ikkje gjev direkte saksopplysningar er dei ikkje lagt ved i saka.

### Bakgrunn:

Kort presentert gjeld dette eit uthus som var omsøkt i 2018, der bygget vart godkjent men ikkje omsøkt plassering. Fjellstyreleiar vart gjeve fullmakt til ny plassering.

Ved tilsyn vart det oppdaga at uthuset likevel vart ført opp på ikkje godkjent plassering – og det vart bede om redegjering frå søkjer. I sak 32/2021 vart det godkjent ny plassering, med krav om flytting av uthuset. Ved klage vart det påpeika at søkjer hadde dyr på stølen, slik at fjellstyret fatta nytt vedtak med ny og riktig heimel som ivaretek at stølsbrukar hadde dyr på stølen, men med same krav om flytting av uthuset.

Sidan vedtaket vart sendt ut 25.11.21, med 3 vekers klagefrist, og klage vart motteke 25.02.22 – er ikkje klage motteke i rett tid/innan fristen.

Likevel er denne saka noko spesiell, sidan fjellstyret nytta feil heimel, og det faktisk forelå ei klage på vedtaket med det fyrste vedtaket. Dermed tilrår administrasjonen å ta klaga til behandling, grunna dei særskilte tilhøva i denne saken. Dette vil i liten grad kunne gje presedens overfor andre med dei særskilte tilhøva som ligg føre her.

### Nye moment i klaga:

*Klage datert 24.09.2021 (referert i ovenstående tekst)*

Denne tas med då den ikkje er realitetshandsama grunna feil lovheimel.

Nye opplysningar her er orientering om omsetning knytt til sal av husflidsprodukter i samband med uthuset. Det er og referert til at Mattilsynet ber om eit skilje mellom privat/næring når det gjeld mat og hygiene. Det går ikkje fram at det vil være et problem med ny plassering for sal av husflidsprodukter, sjølv om uthuset får ny plassering. Dette underbygges med at toalettet kan plasserast utanom så lenge det er eit lite bygg på nokre få m2.

### *Klage motteke 25.02.2022*

Dette brevet inneheld mange moment knytt til ulike lovverk som ikkje høyrer til saka.

Momentet om at fjellstyret ikkje ivaretek Mattilsynet sine anbefalingar er ikkje riktig, då ein er positiv til å plassere eit mindre besøkstolett i samråd med Mattilsynet. Dette vedkjem ikkje nødvendigvis plassering av uthuset – men må takast opp som eige sak.

Det at ei lokalavis mest sannsynleg fanger denne saka opp via kommunen sin postjournal (kommunen fikk kopi av vedtaket), kan neppe skyldas fjellstyrets sakshandsaming, og uansett er slike saksopplysningar offentlege gjennom offentlegsløva. Administrasjonen såg sjølv saka først i avisa utan kjennskap til at den skulle publiserast, og tok opp med avisa feil bildebruk i den fyrste artikkelen. Dette vart endra i nyare versjonar av nettutgåven. Ut over dette har det ikkje vore dialog med lokalavisa kring denne saken.

### *Vedlegg til klage motteke 24.03.2022*

Ingen nye opplysninger som er direkte tilknytt klagesaken.

### *3 vedlegg til klage motteke 25.03.2022*

Del 2: Her er det take opp et punkt om at man ikkje har lov å bygge opp same næring som tidligere. Bygget i klagesaken er jo godkjent (som uthus), det er jo plassering som er diskusjonen i denne saka.

*Ang det hønsehuset som står der feilplassert uthus ynskjes plassert:* Dette kan innarbeidas i uthuset som flyttes.

*Ang tapt omsetning under sykkel-løp/ønske om utleie:* Feilplassert bygg er godkjent som uthus, og det er dermed ikkje lovleg å innrede/bruke dette bygget til overnatting osv. Dette har heller ingen samanheng med krav om flytting/ ny plassering.

*Ang ny informasjon om vannledning:* Dersom dette dreier seg om å grave vannledning inne på tildelt stølsjorde, er ikkje dette søknadspliktig overfor fjellstyret (med mindre dette er innlagt vann med

reinseanlegg). Dette må i så fall handsamast som eige sak, der ny søknad må innehalde plassering av anlegg/grøft m.v. Dette gjeld og dersom det skal gravast vassledning utanfor stølsjordet.

Del 3: uttale til kaffestogo frå Valdres Natur og kulturpark

Administrasjonen er einig i dei moment som VNK tek opp. Kaffestogo er eit positivt tiltak i stølsmiljøet, og ein voner og at dette kan halde fram. Likevel er det slik at når ein får eit positivt vedtak om bygging med klar presisering av kvar bygget ikkje skal ligge, må fjellstyret følgje opp denne saka grunna fare for presedens for andre tilsvarande saker.

*Vedlegg til klage motteke 07.04.2022*

Referat frå tilsyn av Mattilsynet gjev ingen klare svar på kor mange meter ein utedo evt kan plasserast frå serveringsstaden. Som take opp tidlegare, fjellstyret er positive til plassering av ein adskilt, liten utedo i samråd med Mattilsynet. Dette gjev ikkje grunnlag for å kunne la det større uthuset stå der det no er plassert.

Oppsummert:

Det føreligg ingen nye opplysningar i saka som tilseier at kravet om flytting av ulovleg plassert uthus bør frafallast. Derimot er det viktige grunnar til å gjennomføra denne flyttinga, særskilt med tanke på at det i opphavleg vedtak vart presisert at omsøkt plassering ikkje vart godkjent, og at ny plassering skulle avtalast før bygging. Dette er viktig ikkje minst med tanke på faren for presedens for liknande saker.

**Framlegg til vedtak:**

Vestre Slidre fjellstyre finn at det ikkje føreligg nye, vesentlege opplysningar i klagesaka som gjer at vedtak 37/2021 skal endrast. Ein videresender difor denne saka til Statskog/Landbruksdirektoratet for vidare behandling.

*Saka vert vidaresendt Statskog/Landbruksdirektoratet for vidare klagebehandling*

Vestre Slidre fjellstyre den 24.06.2022

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Statskog/Landbruksdirektoratet  
Vestre Slidre kommune  
Margit Bratvold